



Eimund Øvsthus
Øvsthusvegen 53
5282 Lonevåg

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/1249 - 23/13287

Saksbehandlar:
Therese Lyngbo Iversen
therese.lyngbo.iversen@osteroy.kommune.no

Dato:
08.06.2023

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 91/2 Øvsthus (Søre)

Tiltak: Søknad om dispensasjon for grensejustering til 91/18
Eigedom: Gbnr: 91/2
Tiltakshavar: Øystein Øvsthus
Innsendar: Helge Rød As

Kommunen syner til søknad motteke 24.04.2023.

Ved søknad om dispensasjon til grensejustering er det eigar av eigedomen avgi areal som må stå som tiltakshavar. Søknaden gjeld gnr. 91 bnr. 2. Eventuelt må det føreligge fullmakt som syner at eigar av gnr. 91 bnr. 18 har rett til å søke om dispensasjon for grensejustering.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Kommunen ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Søknad om løyve til tiltak signert av rett tiltakshavar, jf. forskrift om byggesak § 5-4 tredje ledd bokstav a.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 26.06.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka vurdert avvist.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei tilhøva som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Kommunen oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått. For meir informasjon om gebyr sjå kommunen sine nettsider <http://www.osteroy.kommune.no>

Med helsing

Tore Johan Erstad
leiar

Therese Lyngbo Iversen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Eimund Øvsthus	Øvsthusvegen 53	5282	Lonevåg
Helge Rød As	Hansdalsvegen 3	5281	VALESTRANDSFOSSEN
Øystein Øvsthus	Øvsthusvegen 49	5282	LONEVÅG